



Fornøgd trio på Rød - Siv, Leif og Anna

**Ein treng ikkje nødvendigvis flytta så langt for å koma heim, det har i alle fall ikkje Siv Framnes (41) gjort. Ho har flytt heim til barndomsheimen Nedre Rød i Uskedalen etter mange år på Valen der ho har budd med familien i mannens barndomsheim.
- Men det var litt av ein kabal som måtte gå opp, seier Siv, som er undervegs til eitt herleg bad i fjorden saman med ungene..**

Ho har panoramautsikt mot den også her i bygda. Det er i det heile ikkje nokon dramatisk skilnad på familiens liv før og no!

Siv er ansatt i Fjellberg Kraftlag i Sæbøvik medan mannen Atle Thoresen (53) er fritidsleiar på valen Sjukehus. Han er på jobben når uskedalen.no er innom på Rød. Dei har 2 born, tredjeklassingen Anna og fyrsteklassingen Leif. No har familien budd på Valen i 9 år med unnatak av Atle som har budd der heile livet.

Men i alle år har det vore ein føresetnad at Siv skulle flytta heim. Det var berre ein bukabal som måtte gå opp. Og nyleg gjorde den det, då det var ei ledig leilegheit for foreldra til Siv - Leif og Laila - i Beinavikja. Samstundes kunne dottera til Atle Ilselin rykke inn på Valen, Med andre ord har kabalen no gått opp!

- Det har skjedd mykje på stutt tid, men det står att ein god del bygnings- og gravearbeid, seier Siv, som er svært tilfreds med det som er skjedd. Men unge Leif vil ikkje bli heilt nøgd før han kjem inn på eit fotballag!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen